



**VETERAN:** Her er Frode Sætre under 40-årsmarkering, på synfaring tilbake til det området av øya høgskulen nytta fram til 2003. I bakgrunnen skimtar vi Nils Ola Skuset (grønn jakke) og med armene i kors Per Halse. FOTO: TARJEI ENGESET OFSTAD



# HIV OG HOI I FØRTI ÅR

**Det er slett ikkje alt ein hugsar frå skulen. Men det studentar opplever på Yksnøya, sett seg.**

**H**øgskulen i Volda og Yksnøya feirar 40 års ekteskap.

Frode Sætre var sjølv der som student i 1981, og har seinare undervist for tallause studentar på øya.

Han har sett at studentane sine kunnskapar knytt til kystkultur har vorte stadig svakare.

I boka Yksnøya – Liv og Sjøliv, introduserer han slik:

«Omgrep og dugleik knytt til bruksbåtar, segling, navigering, fiske og fangst, som tidlegare var barnelærdom for dei som voks opp i kystnære område, er i dag ukjende for mange av våre studentar».

Sætre held fram: «Undervisning i emnet vert såleis viktig for å ta vare på denne delen av norsk kulturarv og historie. Truleg kan vi også skape interesse og glød for undervisning i emnet hjå nokre av studentane.»

24. mai 2019 inviterte høgskulen til ei feiring, med ordførar, rektor, Bjørkedalen kystbåtlag, grunneigar, høgskuleveteranar, litt yngre lærarar og nokre studentar. Der fortalde naturguidestudent Louise Tackmann, om kva verdi ho ser i å opphalde seg på øya.

– Å vere her blir aldri det same som å lære noko gjennom ei bok, sa ho.

Med det sikta ho til praktisk ferdigheiter, men også tankegodset det praktiske kviler på.

– Herfrå får vi med oss ein kultur.

#### Naturguider i vinden

Nokre dagar seinare er ho på øya igjen. Ho og fem andre naturguidestudentar har laga til eit opplegg for ei stor gruppe internasjonale studentar.

– Vi ønskjer at dei skal ha ein kose-

#### HØGSKULEN I VOLDA PÅ YKSNØYA

- Fagmiljøet idrett og friluftsliv på høgskulen gjennomførte det første kurset i kystfriluftsliv på Yksnøya i 1979

- Yksnøya ligg i Volda kommune, og ein kan frå øya sjå innover Voldsfjorden, Vartdalsfjorden, Rovdefjorden samt skimte Ørsafjorden og innseglinga til Dalsfjorden.

- Ein av dei fagtilsette på seksjonen, Knut Øyvind Yksnøy, hadde familietilknytning og småbruk på øya

- Det var avgjerande for at akkurat Yksnøya vart vald som studiestad.

- Fram til 2003 nytta Høgskulen Knut Øyvinds eigedom på nordsida av øya

- Etter det har Yksnøynaustet på sørsida vore fast base

- Nemninga «Yksn» kjem truleg av at det vart heldt oksar på øya før i tida.

leg, avslappa dag, med norsk kultur og natur. Ein del har vore på fjellet og stått på ski, men kystkulturen er nok ny for mange, fortel ho.

Utvekslingsstudentane vert bussa til naboøya Eika, der Eiksundtunnelen kjem opp. Deretter vert dei henta med båt og møtt med låten frå neverlur. Dei får vere med på ulike aktivitetar som krabbefangst, rotur med tradisjonelle trebåtar, landskaps fotografi, ein studie av dyrelivet, samt knutar og sjømannskap.

På kvelden tenner dei bål og lagar til dagens fangstar. Jaggu har ikkje to av naturguidane med fele og saksofon også.

Naturguide-studentane får perfekt praksis: dei står for marknadsføring, transport, logistikk, aktivitetar, og matlaging – slikt som høyrer med til yrket.

– Det å få dei ut i færingane, som jo var transportmiddelet langs kysten før bilane kom, er nok ei fin oppleving for dei, seier Tackmann.

På markeringa 24. mai refererte rektor Johann Roppen til ein samtale han





**PIONERAR:** I midta ser vi ein 22 år gamal Frode Sætre med heilskjegg. Han og medstudetane er ombord på ein splitter ny sunnmørsåttring. Bildet er tatt i 1981 og faget heita vidaregåande kroppsøving. **FOTO: HØGSKULEN I VOLDA**



**NATURGUIDE:** Louise Tackmann er ein av mange friluftsglade studentar frå Danmark som har funne vegen til Volda dei seinare åra. **FOTO: TARJEI ENGESET OFSTAD**

hadde hatt med Knut Trygve Flakk. Sistnemnde investerer tungt innanfor reiselivsnæringa.

– Eg spurte Flakk om kva han meiner er det viktigaste for reiselivet i tida framover. Han var tydeleg på at svaret



**TRER AV:** Nils Ola Skuset har vore ein primus motor for høgskulens Yksnøya-arbeid. Han må snart erstattast. Her flankert av rektor Johann Roppen. **FOTO: TARJEI ENGESET OFSTAD**

er fleire naturguidar, sa Roppen.

Høgskulelektor Nils Ola Skuset, som leia arrangementet, repliserte:

– Tidlegare har vegleiarrolla vore det viktigaste. Vi har lært opp lærarar. No ser vi at det å få fram folk som kan tilby

naturoppleving som eit produkt, vert viktigare.

#### **Mindre er meir**

Frode Sætre påpeiker i boka si kva Yksnøya ikkje har, og kva det betyr:

«Ein startar kurset i båt og avsluttar i båt. Mangel på fastlandssamband og moderne infrastruktur gjer at ein i større grad lever i pakt med naturen. Når ein då i tillegg nyttar gamle bruksbåtar og overnattar i telt, kjem ein så nær naturen og kystkulturen som ein i dag kan kome.»

– For ungdom i dag er det å kome ut i desse omgivingane ein stor kontrast til det livet dei lever til vanleg, seier Sætre til Sunnmørsposten.

– Vi tar frå dei duppedittane og komforten dei er vant med.

Klassane er gjerne på øya frå måndag til fredag. Sætre ser tydeleg skilnad frå første til siste dag:

– I løpet av veka har gruppa fått ei heilt anna ro over seg.

#### **«Sinne blir til latter»**

Friluftslivsstudia ved Høgskulen i Volda er blant dei mest ettertrakta av alle studia i landet. Yksnøya kan sjølvsagt ikkje ta all æra for det.

Men at øya betyr noko for studentane, kan diktet til naturguide-







**MINNE SOM ALDRI DØR:** Her er førsteårs friluftslivsstudentar på vassekte segltokt ved Yksnøya i 2014. FOTO: SONDRÉ STENSBØL



**LAGSTELT:** Disse militære telta er overnattingsstad for studentar på øya. Dei er plassert oppå plattinger av tre, for å unngå at dei rotnar på den blaute marka. Dette etter modell frå Aksla barnehage. FOTO: TARJEI ENGESET OFSTAD



**FANN ROA:** Dei studerer friluftsliv fordjuping og har nettopp hatt ei god veke på Yksnøya. Her skal tilbake til Volda med «Nordlys». Frå venstre: Robin Fiksdal, Halvard Gjønnæss, Sigrid Dravland, Guro Midtmageli, Aasne Birkelund, Ingrid Breivik Nilsen, Martine Olsen, Lea Aaserud Borgen, Susanne Storaker, Emil Nordhild Rønning og Kjellaug Margrethe Ryhaug.



student Martine Olsen vitne om. I naustet, ved sidan av sjøkarta med sine lengde- og breiddegrader, har ho skrive følgjande ord på ei tavle:

«En plass der sinne blir til latter, og tørt blir til vått. Der det er flyt i vårt sinn, men vi får ikke nok. Vi kan være oss selv uten bekymring og stress. Her hvor naturen bestemmer, og ikke noe dress. Leser du den riktig, behandler den deg

vel. Kunnskap må til, fra naturen og deg selv. Plassen som vi snakker om føler alle seg nær. Iallfall vi som liker å ha flytevest som klær. For denne plassen her, er lykke i seg selv.

– Eg syntest diktet passa bra til Yksnøya, særleg når dette var vår siste tur saman som klasse, seier ho til Sunnmørsposten.

**TARJEI ENGESET OFSTAD**  
tarjei@smp.no